

Bruk av valideringsautomatar på buss - spørsmål frå Linda Merkesdal

Representanten **Linda Merkesdal** (A) har stilt slikt spørsmål:

Så vidt vi forstår, så har ein på ein del av Skyss sine bussar i Bergen teke vekk valideringsautomatane i midten av bussen.

Eg har fått tilbakemelding om at dette skapar utfordringar for ein del bevegelseshemma som brukar inngangen midt i bussen. Ved å fjerne valideringsautomatane i midten, gir dette utfordringar med å få validert billettane. Nokre av dei same passasjerar har av ulike årsaker vanskar med å kjøpe billett på app. Basert på dette lurar eg på kvifor valideringsautomatane i bussane teke bort?

Eg ønskjer og informasjon om korleis Skyss jobbar med universell utforming, og kva som vert gjort av tiltak for at kollektivtilbodet vårt skal bli meir tilgjengeleg for bevegelseshemma?

Svar frå påtroppande fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Ruteområde for buss Bergen sør (Fana, Ytrebygda og Os) samt Vest (Sotra/Askøy/Øygarden) fekk heilt nye bussar i samband med oppstart av nye kontraktar i sommar. Bussane vart levert utan kortlesar bak. For at kundane skal oppleve lik praksis for avlesing av Skysskort, vart bakre kortlesar teke vekk i resten av bussparken også. Årsaka til dette er at stadig fleire bruker billett-app som betalingsmetode, og i Bergensområdet gjeld dette snart 8 av 10 reisande. Skyss har sendt ut informasjon til sjåførar og bede om at sjåføren er ekstra merksam mot kundar som tidlegare har nytta kortlesar bak. Spesielt reisande med barnevogn som må lese av Skysskort, må få tid til dette før bussen startar å kjøre, og reisande med rullestol som må lese av Skysskort må gjerne ha ekstra hjelp av sjåfør til dette.

I slutten av 2020 vil det kome nye løysingar for kjøp av billett som ikkje vil innebera avlesing av kort i det heile teke. Etter dette vil det ikkje vere trong for validatorar/kortlesarar – verken framme eller bak i bussen.